



Årsmøtoreferat 2023

Landslaget
for Telemarkfe

Styreleiar Sigbjørn Haslemo ønskja velkommen til årsmøtet 2023 på Raulandsakademiet i Rauland.

Følgjande deltok på møtet;

Sigbjørn Haslemo, Marius Risdal, Line Risdal, Lina Aasan, Frode B. Svaland, Ragnhild Svaland, Gunnar Haugo, Bjørn Karsten Ulberg, Leif Gjessing, Margit Rønningen, Svein Inge Rønningen, Katrine Kinn, Gunleik Mæland, Olaug Ådneram og Aadne Ådneram, Per Helge Selveit, Hilde Riis, Helge Hiåsen, Synøve Thorkildsen, Kjetil Rønningen, Margit Nordstoga Aasan.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Årsmøtet godkjente innkalling og saksliste

Sak 2. Val av ordstyrar

Vedtak: Årsmøtet valte Sigbjørn Haslemo som ordstyrar

Sak 3. Val av referent og val av to til å underskrive protokoll

Vedtak: Årsmøtet valte Margit Nordstoga Aasan som referent.
Årsmøtet valte Per Helge Selveit og Katrine Kinne til å skrive under protokollen.

Sak 4. Styrets årsberetning

Styreleiar Sigbjørn Haslemo las frå årsberetninga for 2022

Vedtak: Årsmøtet godkjente årsberetninga for 2022
Med følgjande merknad;
Føre inn tilleggsinformasjon i årsmeldinga ;
- fordelinga på mjølkekyr og ammeku i 2022
- det blei kjøpt inn 3 oksekalvar til semin i 2022

Sak 5. Rekneskap og revisjonsberetning

Styreleiar Sigbjørn Haslemo gjekk gjennom rekneskapen for 2022.

Årsresultat for 2022: -kr 76 180,-

Eigenkapital pr. 31.12.2022: kr 779 893,-

Vedtak: Årsmøte godkjente rekneskap og revisjonsberetning for 2022



Sak 6. Budsjett, med mogleg endring av medlemskontingent

Vedtak: Årsmøte godkjente budsjett for 2022,
Medlemskontingenten blir uendra.

Sak 7. Innkommen sak: Dagens situasjon i Bufe

Landslaget
for Telemarkfe

Vedtak A Landslaget for Telemarkfe vil at tilskot til bevaringsverdige rasar skal differensierast mellom mjølkeku og ammeku, utan av at det går på bekostning av bevaringstilskotet til ammeku. Lagets utsendingar til Norsk Bufe skal stemme for dette.

Styret skal innhente tall og dokumentasjon på tap av inntekt ved å ha Telemarksku som mjølkeku samanlikna med å ha NRF-ku.

Vidare ber årsmøtet styret om å arbeide for auka samarbeid med dei andre raselaga.

Vedtatt mot 1 stemme.

Vedtak B Landslaget for Telemarkfe melder seg ut av Norsk Bufe.
Nedstemt mot 2 stemmer.

Vedtak C Landslaget for Telemarkfe skal arbeide for ekstra midlar til mjølkeproduksjon på gamlerasar, (herunder tilskot til genbevaring eller andre tilskot) i eller utanfor Norsk Bufe. Søkje størst mogleg fleirtal og dermed opptre mest mogleg samla inn mot jordbruksforhandlingane. Det er behov for årleg økonomisk bidrag til mjølkeproduksjon på gamlerasar samt investeringsmidlar.

Laget må også arbeide mot Nibio/Norsk genressenter for auka forståing for styrking av økonomien i mjølkeproduksjon på gamlerasar.

Auka midlar til mjølkeproduksjon skal ikkje gå på bekostning av tilskot til ammeku produksjon på gamlerasar.

Vedtatt mot 2 stemmer.

Sak 8. Val av leiar

Sigbjørn Haslemo valt som leiar – 1 år

Sak 9. Val av to styremedlemmer

Lina Aasan ikkje på val

Tor Isak Oxum ikkje på val

Marius Risdal valt for 2 år

Frode B. Svaland valt for 2 år

Sak 10. Val av varamedlemmer

1. Vara: Aadne Ådneram for 1 år

2. vara: Gunnar Haugo valt for 1 år

Styrets medlemmer 2023-2024:

Sigbjørn Haslemo – leiar

Tor Isak Oxum

Lina Aasan

Marius Risdal

Frode Svaland

Vara: Aadne Ådneram og Gunnar Haugo



**Landslaget
for Telemarkfe**

Sak 11. Val av revisor

Ketil Jørstad – valt for 1 år

Sak 12. Val av valnemnd

Kvart medlem veljast for tre år, og den med lengst ansiennitet er leiar for nemnda

Leiar: Hellek Berge – 1 år

Medlem: Hilde Riis – 2 år

Medlem: Even Nordrehaug – 3 år

Sak 13. Fastsetjing av eventuelle godtgjersler til styret og revisor

Forslag om å halde fram med godtgjerslene vedtatt i 2018:

Styreleiar kr. 7000,-

Styremedlemmar kr. 2500,- for nestleiar og kr. 1500,- for andre styremedlemmar

Møtegodtgjersle kr. 1300,-

Ved representasjon i t.d. andre organisasjonar blir det utbetalt møtegodtgjersle

Vedtak: Årsmøtet hadde einstemmig vedtak på forslaget

Referent

Margit Nordstoga Aasan
Landslaget for Telemarkfe

Signatur protokoll:

Rauland, 18. mars 2023

Kathrine Kinn

Kathrine Kinn

Per Helge Selveit

Per Helge Selveit